


På kyrkjebakken

Redaksjonsnemnd: Kyrkjekontoret



Babysong


Stor takk til Kristi Mjelstad som har leia babysongen sidan starten i 2004! No tek Linda Gangstø-Nordbø over. Denne fine gjengen var samla til babysong i kyrkja på Haga sist torsdag. Babysong er eit samarbeid mellom kyrkja og "Open barnehage". Her samlast borna "med fylgje" til ein liten songtime. Det vert sunge, klappa, gynga, kribla, byssa og dansa til song musikk frå kassettpelaren og ikkje minst frå mødrene. (Same kva songstemme dei har, likar barnet foreldrene sine songstemmer aller best, seier dei som veit slikt!) Og borna kosar deg. Det må seiast at det hender dei minste somnar, eller skrik litt, men slikt må ein rekna med. "Veteran-babyane" likar seg særleg når det tynne "sjøteppet" bølgar opp og ned, forstår me. Elles skal me helsa frå mødrene og seia at dei vil gjerne ha med seg fleire om torsdagane kl. 10.30. Det er lov for papaer å koma, og! Så går den an å kosa seg med matpause og litt leik i den opne barnhagen etterpå. Kjekt for småsøsken også!



Bibelske salmar

Eilert Tøsse har ikkje lege på latsida med komponering i det siste. I tillegg til fleire andre prosjekt, har han laga ein bibelsk salme til kvar einaste gudstene-stedag gjennom heile året. Det vil seia at han har teke ein bibeltekst som høver til tema for kvar einskild søndag/helgedag i kyrkjeåret og tonesett han. Salmane er bygde opp med ein "salmodi" som gjerne vert sunge av kor eller solist og eit omkvede som alle kan vera med på.

I vår kyrkje har me sunge slike bibelske salmar rett som det er, sidan Eilert også tidlegare har laga denne typen. Men no har han altså samla dei, og komponert nye til dei dagane som mangla. Rundt 80 bibelske salmar vart det til saman, og alle er gjevne ut på Cantando musikkforlag i fine hefte til dei ulike tidene i kyrkjeåret. "Ein ny song for Herren", er tittelen og dei finst i både nynorsk- og bokmåls-variantar. Dei vert av forlaget særleg bydd fram til dei kyrkjelydane som skal prøva ut den nye gudstenestereforma, men kan sjølvstags også brukast av andre. På Ådland vert desse salmane brukte når me har føresongarar, som td. no førstkomande søndag. Kom og høyr!



Kyrkjebladet

Var det nokon som synest julebladet var litt grått i år, så har dei heilt rett... Ein feil ved trykkeriet, gjorde at alt med fargar på, vart litt grått og uklårt. Berre å beklaga!

Kjenner du nokon utflytta samningar som ynskjer å få tilsendt kyrkjebladet, kan du gje namnet og adressa deira til kyrkjekontoret, så skal me plussa dei på våre abonnementslister. Abonnementet kostar ingen ting, men det er lov å nytta giroen som fylgjer bladet til å gje ei gåve.

Til dykk som nyttar "verdsveven", kan me seia at julebladet vårt også ligg ute på heimesidene våre www.samnanger.kyrkja.no Sjå under "På kyrkjebakken" i menyen til venstre på framsida. Og her er bileta utan "trykkfeil"!

Noko å sjå fram til: Kyrkjelydsfest

Sett av fredagskvelden den 20. februar alt no, då vert det nemleg kyrkjelydsfest i kyrkja på Haga! Varm mat, god prat og song vert det heilt sikkert. Så får me koma attende til meir om programmet, og om påmeldingsfrist når det nærmar seg.

Korprosjekt

Korprosjektet i vår er "Visst skal våren komme" av Eyvind Skeie og Sigvald Tveit. Sjølv om både tekstforfattar og komponist er norske, så har dette verket eit preg av gresk folkemusikk. Ta td. "Snart gryr ein morgon", som sikkert mange kjenner frå radioen. Me kan godt sjå for oss ein glad, gresk "rekkjedans" etter den...

Jau visst har me sunge dette før her i Samnanger, men det er såpass lenge sidan at me godt kan høyra det igjen! Øvingane vert fire torsdagar, med oppstart 26. februar og konserten vert fredag 27.mars. Dei som har vore med på korprosjekt tidlegare, vil verta kontakta som vanleg. Men me tek gjerne imot nye songarar. Ta kontakt med kantorene våre på tlf. 56 58 65 43 og meld deg på!

Impuls i Os!

Andre helga i februar vert det arrangert Impuls i Os for første gong! Impuls er ein stor konferanse for ungdom, med masse lovsong, seminar, konsertar, storsamlingar - "celebrations", kafear og mykje meir. Det starta i Stavanger for ca 10 år sidan. I fjor var over 4000 deltakarar på Impuls, og det gjer Impuls til den største samlinga for ungdom i kristen regi i Noreg. Impuls har etterkvart fått avleggjarar i Kristiansand, Trondheim og Oslo. I år kjem Impuls også til Tromsø og Os!

Frå Samnanger har det kvart år reist ungdomar til Stavanger for å vera med på Impuls der, men i år sluttar me opp om Impuls i Os! Meir enn 20 ungdomar og nokre vaksne vert med som medarbeidarar på Impuls i Os. I tillegg reiser nokre som deltakarar. Det er spennande å få vera med å breia ut Impuls-konferansen på denne måten!

Dersom du er tenåring og ønskjer å vera med som deltakar, er det berre å ta kontakt med kyrkjekontoret før 10. februar. Bli med då vel!

H Aa

frå kyrkjeboka



Døypte

16.11.08
Frida Liøen
Aurora Samnøy Johannesen
Emina Sifie Lægland Haugen
Patrick Fjellanger
Thomas Sandvik
Nicholas Tvedterås

7.12.08 - Nils Eirik Nymark

4.1.09 - Tora Flaa

18.1.09
Synne Gjerde Skulstad
Wilhelmine Høysæter Kolltveit
Amund Gangstø-Nordbø
Ivo Tveiterås
Marius Solemdal



Avlidne

09.11.08 - Gerhard Våge
17.12.08 - Svanhild Tysse
21.12.08 - Torbjørg Sandvik
04.01.09 - Rolf Arefjord
06.01.09 - Erling Johannes Øvstedal
07.01.09 - Bjørn Glenjen Lygre
10.01.09 - Adina Haukenes
11.01.09 - Solveig Dalane

kyrkjekalenderen

Februar

Søn.1. kl.11.00 - Ådland
Gudsteneste m. nattverd.
v. Per Fimreite
Vingardssøndagen

Søn.8. kl.18.00 - Haga
Fellesmøte, Bibeldagen
Nattverd. Søndagsskule

Fre.13. kl.19.30 - **Husmøte**
For stad: sjå lysing /heimesider

Søn.15. kl.11.00 - Ådland
Familiegudsteneste m. dåp

Fre.20. kl.18.00 - Haga
Kyrkjelydsfest

Søn.22. kl.11.00 - Haga
Gudsteneste fastelavenssøn.
v. Per Fimreite.
Nattverd og søndagsskule
Kyrkjekaffi med fastel.bollar

Mars

Søn.1. kl.11.00 - Ådland
Gudsteneste m. nattverd

Søn.8. kl.18.00 Haga
Lek gudsteneste
m. søndagsskule